

# Halling- lyom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 1/25

## **Innhald**

<b>Innholdsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Årsmelding for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Årsmelding for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>10</b>
<b>Arbeid på Hallingbu i 2024</b>	<b>side</b>	<b>11</b>
<b>Olav Thon 1923-2024</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Jubileumsfesten med Valdreslaget</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Bildeside</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Program for vinteren/våren</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Helgekurset 19.-20. oktober</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Danseøvinga 6. november</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>Ingrid Løkken, diktaren vår</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Historisk info om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Styret i Hallinglaget i 50-åra</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Treff i Hallinglaget i 50-åra</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Leiarar i Hallinglaget sist 84 år</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Hallingdal Låtelag</b>	<b>side</b>	<b>22</b>
<b>Bildeside</b>	<b>side</b>	<b>23</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>24</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>25</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>26</b>

## Fyriord

### ***Hallinglaget pustar ut etter Jubileumsåret 2024, tenk å ha klart seg i heile 125 år ...***

Med alle gode minner frå i fjor tar me fatt på eit nytt år, og eg trur at det nye året også blir bra! Mykje blir som i fjor, med knallgode danseøvingar annan kvar onsdag, gilde lagdansar der me viser uss fram og lærerike minikurs og helgekurs i hallingspringar! Kor mange er det som no har prøvd seg på hallingspringaren i Osloområdet? – det må være mange hundre! Velkomen i det nye året.

Dansen og folkedansen har opplevd eit stort løft i åra etter pandemien, mange hiver seg på denne bølga, så mange at eg er litt redd for at det kan bli for mykje. Klarer folk dans kvar dag? Det er i alle fall ei fin samværsform, det er sosialt og gjer god trim for kropp og sjel. Hallinglaget vil i alle fall gjera sitt til at øvingane blir bra og eg er so glad for at me har så gode spelemenn i blant uss som også er så positive til å halde fram med øvingane slik me har dei no. Dei som spelar for uss er også glade i å danse – det synes eg som veldig positivt. Møt opp til dans og moro du også. hos uss er dansegleda i høgsetet, ingen treng å være redd for noko slags prestasjonsangst! – det finst ikkje!

Ved sida av dansen har me også ei fin lagshytte i Lillomarka i Nittedal kommune. Til sommaren blir det stor aktivitet på Hallingbu, merke deg at marka er vakker og at hytta vår er unik! Hallinglaget vil sette stor pris på om folk blir med på ein eller fleire turar til hytta vår i året som kjem! Si gjerne frå om du vil vite om alle turane som vi vil gjennomføre denne sommaren ...

Mykje av det me sett pris på er beskrivi i dette bladet, så sett dykk ned og kos dikkon med avisa. Underteikna vart overraska under Jubileumsfesten sist haust; Terje vart utnevnt til Heidersmedlem i Hallinglaget etter 20 år som kasserar og 20 år som leiar! Det var gildt og gledeleg, diplomtet som han fekk varmar og er slått opp på veggen i leiligheta i Hoffsvveien. Sjølv om dei gamle er eldst så treng Laget rekruttering i styre og stell, så bli glad om nokon spør deg om du kunne tenke deg å være med!



***Terje, helsar folket i Hallinglaget Godt nytt år!***



***Diplomet som heidersmedlem !***

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

*Beste helsingar frå*

*Terje Grangård, Leiar i Hallinglaget*

# INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2025 I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 26. februar kl. 17:30  
i  
HALLI  
Nordahl Bruns gt. 22.**

## **Sakliste:**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2024
4. Godkjenning av rekneskapen for 2024
5. Arbeidsplan for år 2025.
6. Dugnadsarbeid på Hallingbu: Måle ferdig glaset i stugua, sjekke opp dei andre glasa! Beise noko på hytta og uthus. Sjekke bølgeblekket! Tette for musa! Rydde litt skog og lage til ved. Vaske noko i hytta.
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Velje representantar til Årsmøte i BLS 25. mars.
9. *Diskusjon:*  
***Visjonar for framtida for Hallinglaget og Hallingbu.***  
Om kort tid/få år treng Hallinglaget ny leiar, kasserar og revisor!

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 14. februar 2025.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2024, har røysterett på årsmøtet. Alle interesserte er velkomne til å høyre på.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte. Etterpå er det gild springarøving!

Vel møtt!

## Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2024

### Styret:

Leiar: Terje Grangård.  
Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun.  
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.  
Skrivar: Knut Skrindo.  
Styremedlem: Else Mohn.  
Styremedlem: Unni Johannessen.

### Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn.  
Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

**Bladstyre:** Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

**Danseleiar:** Ulf-Arne Johannessen.

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

**Revisor:** Alix Cordray.

Jubileumsåret 2024 var bra! Eit usedvanleg bra danseår med gilde Lagdansar, stor Jubileumsfest med Valdreslaget som også var 125 år dette året og eit vellykka helgekurs med dyktige folk! Men det er danseøvingane som er det viktigaste me driv med, ein stor takk til spelemenn og alle dei glade dansarane som kjem for å danse og spreie glede rundt seg. Meir om aktivitetane seinare, dette var berre eit lite samandrag.

Årsmøtet vart halde den 28. februar og samla 7 positive deltakarar. Heidi Wie gjekk ut av Styret etter mange år som skrivar. Frå 2016, dvs. nesten 10 år! Ein stor takk til Heidi. Knut Skrindo vart med som ny skrivar, og det er me veldig glade for. Knut er ein dyktig kar som kan klare alle oppgåver, Knut er lærar på Munch vidaregåande skule i Oslo og er A-klasse dansar i hallingspringar! Dette året tok han på seg jobben med å ordne med påmelding og deltaking på Lagdansen under Landskappleiken på Gol og Lagdansen under Oslokappleiken i Oslo. Det vart to lag begge stader, særns god deltaking og resultat.

Takk til medlemene som støttar opp om laget og melder seg inn og betaler medlemsavgift! Det er viktig at laget vårt har eit visst antal medlemmer slik at laget vårt er å rekne med i BLS og Noregs Ungdomslag. I 2024 hadde laget 35 fullt betalende medlemmer, av desse var seks medlemmer under 26 år! Det er bra og me takkar også våre 17 bimedlemer (fullt medlem i anna lag i BLS) som støttar opp om laget.

Med fullt kjøyr framover så håper Hallinglaget på minst like mange medlemmer i 2025, så betal medlemsavgifta om du kan/vil! Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år å bli medlem (kun 250 kr.), for dei som er over 26 år koster fullt medlemskap 400 kr. Bimeldlemskap koster 220 kr.

### Øvingskveldar i laus og hallingspringar

Dette året har hatt gilde øvingar i laus og hallingspringar! Det er veldig bra at folk kjem for å danse og stemninga på øvingane har vore topp. Vår særns gode danseleiar Ulf-Arne Johannessen har sørnga for god instruksjon. Ein stor takk til spelemennene våre, ofte veksler Åsmund og Ulf-Arne på å spele, henholdsvis på hardingfele og einrader. Dette skaper variasjon og glede og gjer at begge også kan danse! Mange andre har også spelt på øvingane våre, me har velding mange særns gode spelemenn som vil spele for oss. Eg nevner desse: Kjetil Meberg Myhren, Lars Fivelstad Småberg og Jegeir Trøim på

hardingfele, Andrea Søgner på langeleik og Vebjørn Jøtun Fauske på torader. Gjesteartistar den 8. mai var Arne Anderdal og Jo Asgeir Lie som heldt ein super dansekonsert! Desse karane jobber på Ole Bull Akademiet på Voss, dei promoterte si nytutgivne plate «50-7-52». Supert spel av alle saman – mange av dei vil sikkert spele neste år også ... så møt opp og opplev dansesepel av beste merke .... Desse gode øvingane er basert på dugnad og er eit viktig bidrag til kulturarbeidet som Hallinglaget gjer i hovudstaden. Frammøtet i år har vore særst godt slik som oversikten nedanfor viser:

Deltaking på øvingskveldane vinter/våren 2024:

<b>17. jan</b>	<b>31. jan</b>	<b>14. feb</b>	<b>28. feb</b>	<b>13. mar</b>	<b>27. mar</b>	<b>10. apr</b>	<b>8. mai</b>	<b>22. mai</b>	<b>5. jun</b>
<b>25</b>	<b>37</b>	<b>38</b>	<b>35</b>	<b>29</b>	<b>32</b>	<b>33</b>	<b>37</b>	<b>27</b>	<b>40</b>

Deltaking på øvingskveldane hausten 2024:

<b>28. aug</b>	<b>11. sep</b>	<b>25. sep</b>	<b>9. okt</b>	<b>23. okt</b>	<b>6. nov</b>	<b>20. nov</b>	<b>4. des</b>
<b>29</b>	<b>41</b>	<b>30</b>	<b>40</b>	<b>30</b>	<b>35</b>	<b>41</b>	<b>38</b>

Gjennomsnitt pr. øving er 34 dansarar og totalt har det vore over 600 innom øvingane våre dette året! Heile 15 og 17 fekk diplom vår og haust! Fantastisk! Takk til alle som var med og dansa! Me hadde faktisk ei ekstra lagdansøving den 19. juni også! – me satsa litt ekstra på Gol veit de ...

### **Gild lagdans under Landskappleiken på Gol**

Godt beskrivi i siste nummer (2/24) av Hallingljom: Lagdansen på Landskappleiken var ei oppleving på fleire måtar, me stilte med to lag og totalt 17 dansepar! Spelemenn var Ulf-Arne Johannessen for lag 1 (han dansa for lag 2) og Arne Anderdal spelte for lag 2. Ein stor takk til dei. Eg synes me alle dansa bra, og lag 1 kom heilt opp på ein 8. plass (av 39 lag!). Lag 2 fekk ein heiderleg 29. plass. Hallinglaget fekk mykje skryt av dansinga si og gjorde at me vart lagt merke til. Moro at det også var på heimebane, folk lurte når dei skjønna at det var «like mange» som dansa hallingspringar i hovudstaden som i Hallingdal. Nokre frå Hallinglaget var også med på opningskonserten på Landskappleiken, ei stor oppleving, der heile 33 par dansa for **publikum** (full Idrettshall!) og Kulturministeren Lubna Jeffery (alle dansa med bunad!). Me fyllte opp begge scenene og ca. 15 par dansa rundt i salen! Eg la inn ein rundsnu rett framom ministeren – så ho kjente krafta i dansen vår! Korleis skal det ende? – eg antar at dette var eit høgdepunkt for ei stund! Det var den beste Landskappleiken so langt!? – og det gav eit kjærkomment overskot til Gol Spel- og Dansarlag på omlag to millionar kroner! Gol lover at det skal dryppe litt peng på dei andre spel- og danse-laga i dalen som gjorde ein heilt utruleg dugnadsinnsats som resulterte i at det vart so bra!

Lagdansen under Oslokappleiken gjekk også bra! Me stilte to ganske fulle lag, Valdrelaget vant, men Hallinglaget kom på 2. og 4. plass av seks lag.

### **Minikurs, folkedanskveld og helgekurs dette året**

Det var to minikurs på sundagar dette året, 14. januar og 1. september. Begge kursa samla bra med deltakarar, over 20 på begge kursa. Våre beste folk heldt kursa. Ulf-Arne Johannessen frå Ål var super instruktør og Åsmund Fauske Jøtun var særst god spelemann. Desse kursa er så gode at folk dansa overraskande bra etter berre halvannen time!

Hallinglaget var også tilskipar av Folkedanskvelden på desse sundagane. Hallinglaget takker alle dei som hjalp til! Desse kveldane er viktige både for laget og BLS. BLS støtter laga som bidrar med tusen kroner og dette er nyttig inntekt. Laget treng faktisk nokre inntekter for å klare seg. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen, og folk som dansar i Hallinglaget er av dei som møter opp. Møt opp du også, siste FDK før jul samla om lag 70 personar. Då spelte to spelgrupper særst godt saman, Fanteladdane og Farande Fant, dei kjenner og liker kvarandre.

Laget dreiv aktiv marknadsføring for Helgekurset vårt som var bestemt til helga 19. og 20. oktober! Helga kolliderte med Storhelg i Hallingdal, men det gjekk på eit vis: Hugnadsheim på Torpo samla dei som var under 21 år og me dei «eldre» som var att i Osloområdet! Dette året var det kvinnene som var treige med å melde seg på, men det gjekk til slutt! Siste natta og morgonen etter meldte fire kvinner seg på! Så det var minst 10 par som dansa heile tida. Her lærer ein hallingspringaren skikkeleg, helgekursa våre er særst gode og intense, kurset går frå 12 til 16 både laurdag og sundag, med ein god lunsj midt på. Hallinglaget takkar alle som bidrog her. Fyrst instruktørane Ulf-Arne Johannessen og Andrea Søggen frå Gol, og vår gode spelemann Åsmund Fauske Jøtun. Og utan dugnadsfolk så får me ikkje til kursa våre. Ein stor takk til Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Unni Johannessen, Ingrid Løkken samt altmoglegmannen Terje Grangård som får med folk, trekker i mange tråder og danser med mange! Me bytta ofte så det gjekk veldig bra. Det er få stader ein kan lære meir dans på ei helg enn her.

### **Jubileumsfesten med Valdreslaget**

125 års Jubileumsfesten 5. oktober starta opp med krasj-kurs i hallingspringar og valdresspringar! For ein suksess! Det var minst 40 med på desse kursa på tre kvarter! På vårt kurs fekk Ulf-Arne og Åsmund alle inn i takta! Valdrelaget kvitterte med like bra kurs i valdresspringar: Stian Roland instruerte og Sindre Tronrud spelte. Tenk for ein kvalitet, å få oppleve slike kurs før sjølve Jubileumsfesten braka laus! Ein fin måte å få samla folk til fest på! Jub. festen er kort beskrivi i ein liten artikkel her i bladet.

### **PR-arbeid og lagsarbeid**

Ein kan følgje med på aktivitetane våre på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo» og på Instagram «Hallinglaget». Der ligg det bilder og videoar av aktivitetane våre. Dei som er registrert med e-post får ekstra mykje info. om kva som skjer i laget.

Dette året har me hatt tre styremøter før øvingane, eit i januar, eit i april og eitt august! Me hadde ikkje tid til meir, det var ein ekstremt krevjande haust, Jubileumsfesten krevde mykje også av Styret! Spesielt på hausten vart det mange epostmeldingar der me planla aktivitetar og drift. Når me samlast til styremøte i Nordahl Bruns gate blir pizza servert, det gir god stemning under møtet. Her får me også vite litt om kva folk driv på med privat!

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar, etter heltemodig innsats av underteikna. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsefyr, det er fine utgåver som me håper folk set pris på. Papirkopier av avisa blir no berre sendt ut til medlemene og til dei dei som kjem på øvingar og kurs. Men alle på epost-lista til Hallinglaget får avisa på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader til lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje er eldsjel for avisa, og han set stor pris på at andre skriv noko også. Artige bilder er også viktig for ei god avis, så send inn om du har noko.

Nettsidene til Hallinglaget finn ein på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net). Her finn ein aktivitetane under eigen side samt ei side med linkar til dei siste utgåvene av Hallingljom.

### **Juleavslutninga**

Juleavslutninga 4. desember var vellykka, med supert dansespel i Halli som var rigga til på beste måter med pynta bord i ein halvsiel, der me fekk benka opp mot førti som var innom denne kvelden! I år var det også masse kaker, konfekt og gløgg. Takk for supert dansespel ved Ulf-Arne Johannessen, Åsmund Fauske Jøtun og Vebjørn Jøtun Fauske. Variert spel på einrader, hardingfele og torader, der Vebjørn også tok ein eigenkomponert vals og reinlender! Diplomar til dei som hadde delteke på 75% av øvingane vart delt ut, heile 17 hadde klart det! Det var ein fin kveld, ein stor takk til alle som kom.

## Stønader og anna

Dette året fekk Hallinglaget særst nyttig driftstønad både frå Skue Sparebank og frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres. Sistnevnte, Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres redda Jubileumsfesten, me trefte vel akkurat med laga og fekk heile 20 tusen kroner i stønad! Utan den stønaden hadde det ikkje blitt nokon Jubileumsfest!

Som tidlegare år fekk me også stønad frå Folkekulturforbundet i Vågå for øvingane våre vinter/vår og haust som me køyrer som ein kursserie med naudsynt instruksjon.

Dette året fekk ikkje laget noko støtte frå Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans i Trondheim til Helgekurset! Det var ein stor skuffelse, men pågangen er altfor stor! Likevel gjekk det på eit vis, takka være at instruktørar og spelemann godtok mindre honorar! Hallinglaget bukker og takker.

Laget fekk momskompensasjon dette året, i underkant av 3 tusen. Underteikna sette seg inn i opplegget for å få det til! Det måtte lagast ein eigen moms-rapport for aktuelle bilag gjennom året 2023. Ein tilsvarande rapport må lagast på nytt dette året om me skal få noko pengar her. Litt tungvint! Dette året var det også gode renteinntekter på grunnkapitalen vår som me har i Sparebank 1.

Likeins har me nokre støttespelarar som har sett opp Hallinglaget som bidragmottaker ved Norsk Tipping. Alle monner drar så det er viktig at me er vakne og passer på søknadsfristene.

Aller viktigast er det at folk kjem på øvingane og tilskipingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året når me startar opp, til lek og moro og eindel jobbing.

Takk til alle som stiller opp for laget.

*Leve Hallinglaget!*

*16. jan 2025,*

*Terje Grangård*



*Styret i Jubileumsåret 2024. Frå venstre: Unni, Else, Terje. Gro Sissel, Knut og Åsmund.*



## Årsmelding Hallingbu 2024

Største innsatsen og løftet på Hallingbu i år har vore å redde det store stoveglaset, stor takk til Johnny og Terje som har kitta og måla glaset heilt profesjonelt, fantastisk innsats av dei to!

Utanom fleire dugnadsturar på Terje og Johnny i arbeid med stoveglaset hadde me ein fin dugnadstur i juni, me var fem stykker på turen og fekk gjort mykje på ein dag, både ute og inne, god tid til bading i Ormtjern og grill og kos ute hadde me au

Åsmund med fleire vener stod for årets soppturar og ingen av dei gjekk tomhendt heim, skogen bugna over av sopp, og me håpar året som kjem vil vise seg like sopprikt

Seinare på hausten, i oktober, var Michel med sonen Simon på Hallingbu, dei hadde i følge ham ein herleg tur, to døgn i solskinn og flotte opplevingar. Fiskestonga vart prøvd og bål ute lyste opp mørke haustkveldar

Olav Thon var ein god ven av Hallingbu og har støtta oss med 75 tusen kroner, det takkar me for, og Terje har derfor sett opp ei liste over ting som bør gjerast i 2025 - ei god liste er gull å ha når me skal få ting gjort ☺

### Arbeidsoppgåver 2025:

Måle stoveglaset ferdig

Pusse og få på måling på dei andre glasa på Hallingbu der det trengst.

Reparere det vesle glaset i Uthuset/bytte det ut.

Beise slitte veggjar på hytta

Sjekke hytta med lykt og lupe etter glepper der mus kan kome inn og tette

Sjekke taket, spesielt rundt pipa der vatn kan kome inn, og vurdere nytt pipebeslag.

Få på plass meir reint og robust senge-klede.

Vaske og rydde i stove og kjøken.

Få rydda vekk noko av det som veks rundt hytta. Fjerne nokre av greinene på dei to askekallane som er blitt kjempestore! Finne ut om det er planlagt hogst i storskogen mot vest, då kunne me kanskje få tatt vekk dei sær store grantrea på vår tomt.

Arrangere Spikjikkjøttur som vanleg, dugnadsturar og sopptur i 2025.

Så håper me på ikkje berre dugnadsturar framover, men skogsturar og verneturar, slik som bær- og sopp-tur, og kanskje kjentmannstur-som å besøke nabohyttene og gjera seg kjend rundt om i Lillomarka.

Nye og gamle folk er hjarteleg velkomne til å bli med opp i skogen til Hallinglagets lille paradisi ☺

*Else Mohn*

## Arbeid på Hallingbu, i året som gjekk



*Johnny Lund smiler breitt etter at fyrste målarstrøket er lagt på stoveglaset på Hallingbu!*

Det var ein beinhard dugnad, søndag 8. september 2024, der glaset fekk sitt fyrste strøk med maling! (forseinka pga. mykje dårleg vêr!). Endeleg hadde me tid til måling og det nye vann-brettet vart også montert! Neste målarstrøk blir neste år – me har att måling til det pluss å få på litt måling på dei andre glasa der det trengst! Gleda var stor denne sundagen då me såg at stoveglaset var redda! For dette tok på for oss som gjorde denne jobben, Johnny og underteikna. Jobben var større enn me trudde, og det er ikkje berre berre å få gjort noko på Hallingbu, då vegen opp dit er lang, om lag ein halv time med bil pluss ein time på beina ...

Eg må skryte lite tå oss her, spesielt av Johnny Lund, ny i Hyttestyret og profesjonell målar! Heile 5 dagar jobba han – ein dugnadsinnsats minst verdt 25 tusen! Om me skulle ha kjøpt nye glas, to ved sidan av kvarandre – innkjøp, frakt, bæring og installasjon av ein snikkar hadde det minst kome på 60 tusen og veldig mykje dugnad med det også. Som leiar i Laget er eg djupt takknemleg for at me fekk redda dette glaset. I det heile må ein vere klar over at Hallingbu krev sitt, faktisk kan ei stor skade på hytta vår ruinere heile laget som for tida eigentleg berre er oppteken med **Dans**! Det er difor eg har lufta fram eit forslag om å selje hytta slik at me er sikra pengar til dans i lang tid framover. Men det er til no bestemt at me skal ha Hallingbu til evig tid! No som Olav Thon har gått bort, må me klare oss sjølve! Olav har i storleik støtta Hallingbu med 75 tusen kroner! Takk til ham!

*Terje Grangård*

## Olav Thon 1923-2024



*Hallinglaget lyser fred over Olav Thon sitt minne...*

Olav gjekk bort 16. november og hadde ein storslagen bisetting i ei fullsett Oslo Domkyrkje den 27. november! Olav var det næraste ein kan kome til å være æresmedlem i Hallinglaget! Seinast i 2021 sendte Olav heile 50 tusen kroner til Hallinglaget som skulle brukast til vedlikehald av Hallingbu, Me i Styret i laget sette utruleg stor pris på at han såg oss i si travle kvardag! Det er mange som vil sakne Olav som alltid hadde nokre gode ord å dele.



*Utsikt frå Hallingbu, mot sør ... Sola glimrar og skogen veks til ...*

## Litt info. om Jubileumsfesten laurdag 5. oktober 2024



### Hallinglaget og Valdreslaget 125 år

Stad: Halli og Storsalen, Nordahl Brunsgate 22.

**Program:**

Kl. 18.00-19.30: «**Kræsjkurs**» i Hallingspringar og Valdresspringar.

Kl. 20.00-21.00: **Konsert med laga sine beste folk**

*Andrea Søgner, Sindre Tronrud, Ulf Arne Johannesen, Åsmund Fauske Jøtun og langeleikgruppa i Valdreslaget*

**Kl. 21.00-01.00: Dansefest der alle dei ovanfor spelte og super Gamaldans med halve Askerladden, dvs. Ingunn Bjørge og Sindre Tronrud.**



Nokre av Stjernene på Jubileumsfesten, frå venstre: *Andrea Søgner (Langeleik), Åsmund Fauske Jøtun (Hardingfele), Ulf-Arne Johannesen (Einrader durspel) og Sindre Tronrud (Hardingfele).*

*Konklusjon ved Terje:* veldig bra Jubileumsfest der alt klaffa! For til slutt meldte folk seg på i flokk og følge! Med dei som arrangerte og med dei som spelte var me nesten 100 på denne festen!

Veldig bra, alle var nøgde! Takk til alle som kom på 125-års festen.

Hallingdølen sendte også ein god journalist, Tonje Halbjørhus, som skreiv ein fin artikkel om stoda i Hallinglaget og om Jubileumsfesten. Det var fint å få litt blest oppe i Hallingdal også ...


**BILDESIDE** – her kunne folk ha skrivi noko sjølve



Når desse folka er på plass so er dansekvelden klar!  
Åsmund, Terje, Ulf-Arne og Else ...



Det er mange som liker hallingspringar.



Ormtjern som tomta til Hallingbu grensar ned mot er ei perle som kan nyttast til bading og fiske!

## **HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2025**

### **Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.**

**Det er øvingar desse onsdagane:**

For meir info.: *Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

<b>15. jan.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>29. jan.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>12. feb.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>26. feb.</b>	<b>Årsmøte 17:30/</b> Springarøving kl. 19:00 - 21:00
<b>12. mar.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>26. mar.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
	<b>PÅSKA 2025</b>
<b>23. apr.</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>7. mai</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>21. mai</b>	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
<b>4. jun.</b>	<b>Sommaravslutning kl. 18:30 - 21:00</b> Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

**Sundag 26. januar: MINIKURS I HALLINGSPRINGAR kl. 18:00!**

Hallinglaget skipar til eit nytt Minikurs med dei beste folka! Denne sundagen vil Ulf-Arne Johannessen instruere og Åsmund Fauske Jøtun spele!

**MERK:** Hallinglaget skipar til denne Folkedanskvelden frå 19:30-22:00!

**Onsdag 26. februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!**

Startar presis kl. 17:30 i HALLI !

Medlemer oppfordrast til å møte! Styret i Hallinglaget set pris på innspel ...

**Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**29. mai – 1. juni: Folkemusikkveka 2025 på Ål!**

Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no>

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!

**Onsdag 11. juni: Spikjikkjøttur til Hallingbu!**

Opplev hytta vår og Lillomarka på sitt beste ...

**25 - 29. juni: Landskappleik i Eidfjord!**

Hardanger er vertskap! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: #Hallinglaget

**KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (482 04 652), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), ([aasmundfauske@gmail.com](mailto:aasmundfauske@gmail.com))

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), ([gstaraldrud@gmail.com](mailto:gstaraldrud@gmail.com))

**Helgekurset i Hallingspringar helga 19. – 20. oktober 2024,  
12:00 - 16:00 begge dagane.**



*Helgekurset hausten 2024 ver vellykka med om lag 24 betalande deltakarar.*

Frå venstre ser me dei som var på plass då bilete vart teken ein gong på sundagen:

*Ane Ledang, Unni Johannessen, Jon Ingar Holtet Rusten, Antina Schæfer, Åsmund Dahlin Johansen, Erle Flage, Andrea Søgner, Øyvin Tjore, Ulf-Arne Johannessen, Ingrid Løkken, Åsmund Fauske Jøtun (med hardingfela!). Sigbjørn Galdal, Terje Grangård, William Tomren-Berg, Geir Nordtveit, Helga E. Waagaard, Torgeir Hernes, Mette Aabye, Gunvi Nikolaisen, Anne Stuvøy, Erik Hiltunen, Anna Fridtun Aarekol, Vera Movik, Stanislav Walkonen, Ingvild Sperstad, Theresa Fett (nesten skjult!) og Jostein Tjore (gamal stjerne!)*

På laurdagen var desse og til stades: *Else Mohn, Magnhild Mjør, Kari T. Sundt, Vigdis Wollan og Guro Torp Nielsen*. Så konklusjonen er at det var mange som lærte hallingspringaren denne helga! Ein stor takk til alle dei som stilte opp. Dei gjorde at det vart eit bra kurs!

Hallinglaget sender òg ein stor takk til instruktørane Ulf-Arne Johannessen og Andrea Søgner og til vår gode spelemann Åsmund Fauske Jøtun som klarte å spele bra i timevis! God øving til seinare speleoppdrag håper eg!

*Ref.: Terje Grangård*

## Danseøvinga onsdag 6. november 2024, med kurs!

På denne dansekvelen instruerte *Vebjørn Jøtun Fauske* ein god halvtime i ein versjon av hallingspringar frå Gol som ledd i at han hadde gått på Kurs i å halde Kurs i regi av Leikarringen i BUL. Dette er eit godt tiltak for å sikre gode lærekrefter i dans framover. Dette har vore eit populært tiltak med mange som vil lære, og det var vel med 5-6 «inspektørar» frå Leikarringen som skulle godkjenne at opplæringa var godt nok! Vebjørn klarte seg bra og Hallinglaget stilte velvillig opp! Det *Vegar Vårdal* skreiv på Facebook etter øvinga gjer ei god oppsummering av «kurset»:

### Vegar Vårdal

6. november kl. 22:22



Her ser dere pur danseglede! **Hallinglaget i Oslo** hadde øving i dag, og jeg fikk være med som en del av et prosjekt som **Leikarringen i BUL Oslo** holder i. Her kommer jeg med råd og tips til de som vil bli instruktører i folkedansen vår, og prøver så godt jeg kan å heie dem frem. I dag var det **Vebjørn** (han midt i bildet som med stødig hånd får sin dansepartner under armen) som fikk prøve seg, og han lærte ut en springarvariant fra Gol til hele denne gjengen. Det er som Vebjørn og flere andre sier, har jeg en dårlig dag på jobben så finner jeg igjen gleden og inspirasjonen i dansen seinere på kvelden. Og her ser dere pur danseglede, virkelig, og jeg får igjen troa på folkedansen. Jeg takker Leikarringen og min supersjef i prosjektet **Åsne** for at jeg får være med på dette, og er det noen som lurer på hva det er så ta kontakt med dem 😊. Vi er halvveis nå, og det er mange



instruktørspirer som er med, så nei, jeg er ikke redd for folkedansens fremtid! Jeg gleder meg til fremtiden 🤗 «Gode ord frå Vegar Vårdal på Facebook». Takk til ham!

*Prosjektleiar i Leikarringen i BUL var Åsne Mjælde Refsum. Takk til ho som administrerer. Det var våre eigen spelemann Åsmund Fauske Jøtun (storebror til Vebjørn) som spelte til kurset og etter pausa tok Ulf-Arne Johannessen over på sitt einrader durspel. Takk til desse, utan god musikk blir det ikkje skikkeleg dans.*

## Hallinglaget har ein diktar i blant seg

Vår eigen **Ingrid Løkken** kan skrive dikt og har sendt denne godbiten til Hallinglaget og Hallingljom: Det er eit **akrostikon** - *ei lita tekst der alle førstebokstavar i linene vil utgjera ei eiga tekst eller eit bodskap*. Her har eg brukt feit type på dei, da er det lettare å sjå...

<b>H</b> allinglaget har	<b>p</b> å golvet,
<b>a</b> lltid	<b>å</b> , ja -
<b>l</b> ettbeinte og	
<b>l</b> euge øvingar	
<b>i</b>	<b>l</b> ettbeint
<b>n</b> ordahl bruns	<b>a</b> v stad
<b>g</b> ate, så	<b>n</b> år
<b>l</b> ykkelege er	<b>d</b> ansemusikken
<b>a</b> lle	<b>s</b> ullar og spelar
<b>g</b> utar og jenter	<b>k</b> ring
<b>e</b> tter ein	<b>a</b> lle
<b>t</b> ur!	<b>p</b> å
	<b>p</b> lassen -
	<b>l</b> ivsgleda
<b>d</b> et	<b>e</b> r like
<b>e</b> r	<b>i</b> nderleg
<b>l</b> eiken og	<b>k</b> var
<b>t</b> akta,	<b>e</b> inaste
<b>o</b> g så	<b>n</b> att!
<b>k</b> ommunikasjon	

### ***Kan alle sjå bodskapet?***

«**Hallinglaget deltok på landskappleiken**» --- *det er heilt rett! Takk til Ingrid ...*

**Ingrid, med jentenamnet Glad** har gjeve ut ei fin diktsamling, faktisk den 2. diktsamlinga og den er god. Boka heiter «**Vidarekobling**» og den kan kjøpast av Ingrid for berre kr. 250,- Mykje til ettertanke der ...

## Historisk artikkel. Styret i Hallinglaget i 50 åra!

Det var eit fantastisk Styre i Hallinglaget i 50-åra som klarte det meste, mellom anna å kjøpe hytta vår Hallingbu i Lillomarka, med innbu og lausøyre for heile 20 000 kroner. Det var eit beløp i 1955 (for 70 år sidan) som var det same som for eit fint hus i Hallingdal på den tida. Det er imponerende kva dei fekk til. Underteikna har fått fleire bilete av Randi Sveinhaus (født 1934) som bur godt på Majorstua i sitt 91. år.



Her ser med Styret slik det var eingong på 50-talet, anten i 1953-54 eller i 1955-56 i dei åra *Trygve Tollefsen frå Flå* (Gulsvik) var leiar. I året 1954-55 var *Ragna Juven*, gift *Agjeld*, leiar. Frå venstre ser me: *Svein Treverket*, *Knut Sørbøl*. *Randi Sveinhaus*, *Marie Brennhovd*, *Trygve Tollefsen* og *Ester Fosserud Rebne*. Det var *Trygve* og *Knut* som ordna med hyttekjøpet, og *Knut Sørbøl* fekk fullmakt til å ordne kjøpet. Det var orden med pengane i laget då som no og *Randi* sa at *Knut Sørbøl* som var litt eldre og godt etablert kunne hjelpe til om nokon trengte litt hjelp!

Hallinglaget må sørge for å ta bilete av Styret i dag også. Det er artig med bilete og eg synes godt om korleis dei tok dei for 70 år sidan, kompakt samla der alle kom med. Og dei gamle svart kvitt bileta er imponerende skarpe same kor små dei er! Eg skal få sett bileta i eit album og sende rundt på øvingane ... Vel møtt til meire historie ...

## Treff i Hallinglaget i 50 åra!

**Randi Sveinhaug** (født Moen), kona til Sigmund Sveinhaug som var leiar i åra 1956-58 og året 1961-62 skriv i ein e-post til underteikna: «Det er viktig at folk i dag får et innblikk i hvor stor betydning Hallingbu og Hallinglaget hadde for alle oss som kom til byen, som ikke kunne reise hjem annen hver helg, og som følte oss frammed i utelivet i byen og stort sett hadde lite og rutte med.»



**Randi lister også opp namna på mange av dei som er på dette trivelege biletet frå 50-åra:**

Frå venstre: ukjend, Nils Ellingsgard (Ål), Trygve Tollefsen (Flå, leiar 1955-56), Synnøve Moen Ness – syster til Randi og som dansa mykje springar med mannen sin Svein Ness, Randi Sveinhaug – gift med Sigmund og som framleis driv på i Solvang Kolonihage kvar sommar, Inger Treverket, Esther Fossrud Rebne. Dei to neste og dei to som står bak hugsar ikkje Randi namna på! Men veldig bra å hugse så mange etter 70 år! ...

*Elles bur Randi i dag i beste velgåande på Majorstua her i Oslo. Alt godt ønskes ho :)*

*Terje Grangård*

## Oversikt over leiarar dei siste 84 åra

(Fram til om lag 1975 var det to årsmøte i året, og då hendte det at det vart valt ny leiar på halvårsmøtet)

Årstal	Leiar
1941-45	Lars Tormodsgard (Ål), laget var lagt ned 1942-45 pga. krigen.
1945-46	Trygve Slaatto (Ål)
1946-47	Sverre Ulsaker (Gol)
1947-48	Paul Breiehagen (Ål) og Hallgrim Ulsaker (Gol)
1948-49	Egil O. Eiklid (Gol)
1949-50	Leiv Breiehagen (Ål)
1950-51	Olav Moen (Hovet?) og Odd Jordheim (Hemsedal)
1951-52	Ragna (Juven) Agjeld (Geilo)
1952-53	Olav Sevre ? (Nes) og Olav Finnset ?
1953-54	Trygve Tollefsen (Flå)
1954-55	Ragna (Juven) Agjeld (Geilo)
1955-56	Trygve Tollefsen (Flå)
1956-58	Sigmund Sveinhaug (Hol)
1958-59	Torbjørn Moen (Hovet)
1959-61	Ragna Øyno Jensen (Ål)
1961-62	Sigmund Sveinhaug (Hol)
1962-63	Kjell Snerte (Hemsedal)
1963-64	Ragnar Hulbaklien (Gol)
1964-65	Marit Brusletto Sveen (Geilo)
1965-66	Ole Kr. Grimeli (Flå)
1966-67	Björg (Andersen) Henriksen (Nes)
1967-69	Erling Kåsin (Hol)
1969-70	Halldis Vindegg (Hol) og Marit Rime
1970-71	Kristian Kleppo (Hovet) og Harald Hamborg (Gol)
1971-72	Kristian Kleppo (Hovet)
1972-73	Torleif Teigen (Ål) og Kristian Kleppo (Hovet)
1973-74	Torleif Teigen (Ål)
1974-75	Harald Hamborg (Gol)
1975-78	Kari Berit Breie (Ål)
1978-80	Kari Berit Breie -> full stillstand i laget, men Kari Berit heldt liv i det!
1980-83	Olav Berg (Gjøvik/Gol)
1983-84	Liv Turid Tufte (Geilo)
1984-89	Gunnlaug Lien (Gol)
1989-90	Terje Grangård (Flå)
1990-92	Svein Magne Bråten (Nes)
1992-94	Ingebjørg Rivedal (Gol)
1996-98	Geir Tretterud (Torpo)
1998-99	Anne Kari Bråten Eriksen (Nes)
1999-01	Gunn-Kjersti (Bøygard) Sandelien (Ål)
2001-02	Geir Tretterud (Torpo)
2002-04	Ingunn Stræte (Sørbøen) (Ål)
<b>2004-25!</b>	<b>Terje Grangård (Flå)</b>
2025-	<b>Ny leiar må snart på plass!</b>

## Hallingdal låtelag – dykk i arkivet

Tekst og bilete: [Anders Lunden Herfoss](#)

Hallingdal låtelag vaks fram frå Hallingdal juniorspelemannslag på slutten av 80-talet. På juniorsida var det naudsynt å samlast frå alle kommunane i dalen for å skape eit miljø for samspel og etterkvart som juniorane vaks til vart dette juniorlaget til eit seniorlag der også eldre spelemenn kopla seg på. I mange år dreiv låtelaget regionalt samstundes med lokale spelemannslag i Gol, Hemsedal, Ål og Geilo, men dei siste åra har Hallingdal låtelag vore einaste aktive spelemannslag for vaksne i Hallingdal. Laget har forutan kveldsøvingar og helgekurs vore aktive på kappleikar, folkemusikkveka og mindre konsertar, og spela til dans. Dei stiller årleg på landskappleiken og vann denne i lagspel i 1990. Laget er i dag tilslutta FolkOrg og har ca. 30 medlemmer frå alle seks kommunane i Hallingdal. [Øyvind Brabant](#) har i alle år vore musikalsk leiar og knapt skofta ei einaste øving desse 30-40 åra.



*Hallingdal låtelag klare for Landskappleik, kanskje i 2022?*

*Sluttreplikk ved Terje:* Hallinglaget håper å få **Øyvind Brabant** til å spele for Hallinglaget snart! Det vil bli ei stor hending som kanskje er meir realistisk enn på lengje! Øyvind er blitt pensjonist, han er glad i å spele til dans og han har sonen sin Lars Christina buande i Oslo-regionen! Igjen takk til Øyvind for hans glimrande spel på Lagdansen vår i Rjukan i 2022! Der hausta me heider og ære med ein glimrande 9 plass av heile 26 lag. Me var sju par og me fekk heile 78 poeng! Personleg har eg vel aldri vore meir nøgd enn etter den dansen! Me fekk dansa gjennom dansen vår fleire gonger før me gjekk på scena, dansen fungerte veldig bra, mykje takka være det gnistrande spelet til Øyvind. Me slutta også eksemplarisk som «perler på ei snor» ...

BILDESIDE – til glede håpar eg ...



Stemming på Hallingbu – på ein spikjikkjøttur for nokre år sidan ...



Mange tok ei øl etter ekstraøvinga 19. juni 2024. Me var klare for Kappleik på Gol!

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2025**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 400,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Styret håper at mange vil være medlem i Hallinglaget dette året også! ...

Det er berre å betale til kontonummeret nedanfor:

Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

*Vipps* kan også nyttast, **Vipps** kode: **737 811**.

---

*Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:*

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 12 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19:30–22:00.
- Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).

---

*Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.*

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivilligheitsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Så om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

*Hallinglaget i Oslo*

**Webside:** [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

**Facebook:** Hallinglaget i Oslo

**Instagram:** Hallinglaget

## TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2025

Følg med på [www.bls.no](http://www.bls.no) for oppdatert oversikt

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spellemannslag	Minikurs
<b>Januar '25</b>		
05.	Ikkje Folkedanskveld!	
12.	Ikkje Folkedanskveld! (Saffa-kurs)	
19.	Hardinglaget / Steinsgårdskroken	Swing
26.	Hallinglaget / Gudåmleg	Hallingspringar
<b>Februar '25</b>		
02.	Ikkje Folkedanskveld! (Dans Dans Dans 27/1 – 1/2)	
09.	Hordaringen / Østerdølenes Spellmannslag	Rørospols
16.	Ikkje Folkedanskveld! Start vinterferie	
23.	Ikkje Folkedanskveld! (Rørosmartnan)	
<b>Mars '25</b>		
02.	Symra / Symradern og Att og Fram	Sunnmørsspringar
09.	Hordaringen / Gudbrandsdølenes Spellmannslag	Springleik
16.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
23.	Valdreslaget / Bærum Spellemannslag	Valdresspringar
30.	Hardinglaget / Eiker Spellemannslag	Bygdedans frå Vestlandet
<b>April '25</b>		
06.	Numedalslaget / Farande Fant	Numedalsspringar
13.	Ikkje Folkedanskveld! Palmesøndag	
20.	Ikkje Folkedanskveld! 1. påskedag	
27.	Frøy / Kveik	Nordmørspols
<b>Mai '25</b>		
04.	Symra / Symradern og Att og Fram	Turdans
11.	Ikkje Folkedanskveld! (Rørosleken)	
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs
25.	Ikkje Folkedanskveld!	

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Brunsgate 22, Oslo, søndagar kl. 18.00 til 22.00.**

### Inngang Folkedanskveld:

Medlemmer kr 150,- / ikkje-medl. kr 200,- / Studentar berre kr 100,-

**Inngang Minikurs:** same som over! *Dvs. at ein får Minikurset attpå!*

*Og ein får også vaffel, kaffi eller té i pausa inkludert!*

Beste helsing

Folkedansnemnda i BLS



## Styret i Hallinglaget 2024-2025

<b>Leiar:</b> Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
<b>Nestleiar:</b> Åsmund Fauske Jøtun Dalehaugen 8, 0657 Oslo	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: <a href="mailto:asmundjotun@gmail.com">asmundjotun@gmail.com</a>
<b>Kasserar:</b> Gro Sissel Taraldrud Myrliia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: <a href="mailto:gstaraldrud@gmail.com">gstaraldrud@gmail.com</a>
<b>Skrivar:</b> Knut Skrindo Bukken Brusens vei 21, 0851 Oslo	Tlf: 413 12 790 – mobil E-post: <a href="mailto:knut@skrindo.no">knut@skrindo.no</a>
<b>Medlemer:</b> Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
Unni Johannessen Bilbakken 3, 3570 Ål	Tlf: 926 84 876 – mobil E-post: <a href="mailto:unni.johannessen@me.com">unni.johannessen@me.com</a>

---

## Bladstyre for Hallingljom:

**Leiar:** Terje Grangård  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo

Tlf: 482 04 652  
E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

## Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn  
Stivivegen 86, 3677 Notodden

Tlf: 958 79 270  
E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin og Johnny Lund.

**Danseleiar:** Ulf-Arne Johannessen

Tlf.: 477 56 565

**Revisor:** Alix Cordray

Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

## Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) .

Hallingbu



ERB  
JR.96